

VELKOMMEN
TIL
OPPHALD PÅ
VELFERDSSENTERET



KONTAKTINFORMASJON

- Einingsleiar Anne Berge Brattetaule – alle vekedagar
Tlf. 56 34 91 38 – Frå kl 08.00 – til 15.00

- Sjukeheimslege, Grethe Fosse – kvar torsdag
Tlf. 56 34 92 22 – frå ca kr 09.00 – til 14.00
Ansvar for avd. A og C
Pårørandesamtale etter avtale.

- Sjukeheimslege Gunn Mali Steen Sund – kvar tirsdag
Tlf. 56 34 92 22 – frå ca kl 09.00 – 14.00
Ansvar for avd. B og D
Pårørandesamtale etter avtale.

- Hovudtelefon, alle dagar – heile døgeret
Tlf. 56 34 91 90

- Vaktrom avd. v/inngang – Tlf. 56 34 91 81

- Vaktrom avd. D – Tlf. 56 34 91 82

DØGNRYTMEPLAN

- Kl. 07.00 Dagvakta kjem på vakt, morgonstell startar.
- Kl. 08.30 FRUKOST
- Kl. 09.00 Morgonstell, forset.
- Kl. 11.00 Aktivitatar alle dagar unnateke helg og høgtid. Sjå eige ark.
- Kl. 12.30 Middag
- Kl. 13.00 Middagskvil etter ønskje. Det er ønskjeleg at bebuaren får kvile middag i fred. Dei er då utkvilt til å ta imot BESØK frå sine kjære.
- Kl. 15.00 Kaffi med noko attåt.
- Kl. 17.30 KVELDS
- Kl. 18.00 – 22.00 Kveldsstell, hjelp til legging, nokon ønskjer å leggja seg tidleg, medan andre ønskjer å sitje oppe å sjå på TV.
- KL 22.00 – 07.00 Nattevaktene kjem, om behov er det mogeleg å kontakte dei på natt.

Generell informasjon

Velferdssenteret er definert som sjukeheim, og er heimla under *Lov om helseteneste i kommunane*. Helsetilsynet er tilsynsorgan.

Historikk:

Velferdssenteret vart bygd 1993. Det vart bygd til 25 pasientar, der 21 av plassane var tiltenkt langtidsopphald og 4 plassar tiltenkt korttidsopphald. Bebuarane den gong vart overførte frå Radøy sjukeheim, som då var ein fylkeskommunal sjukeheim, til Velferdssenteret, som var kommunal sjukeheim.

I 2008 vart Velferdssenteret utvida med eit nybygg. Det vart bygd ny sjukeheimsavdeling med plass til 17 bebuarar.

I januar 2009 vart Hordabøheimen nedlagt som aldersheim. Alle bebuarane var overflytta til Velfredssenteret. Det er i dag plass til 43 bebuarar.

Velferdssenteret slik det er i dag:

Avd. A = Dementavdeling med plass til 8 bebuarar

Avd. B = Dementavdeling med plass til 7 bebuarar

Desse to avdelingane er no knytt saman med ein vinterhage.

Avd. C = Pleieavdeling med plass til 11 bebuarar, der fire av bebuarane har rom ved inngangsfløyen og kontora.

Avd. D = Pleieavdeling med plass til 17 bebuarar der to av romma er dobbeltrom. Fellesstova i denne avdelinga blir mykje brukt til aktivitetar.

TENESTER PÅ VELFERDSSENTERET

- PRIVAT TØY – alt privat tøy vert vaska på Velferdssenteret og må merkast godt.
- FYSIOTERAPI – vert rekvirert av sjukeheimslege eller annan lege og vert ei individuell teneste på Velferdssentert.
- FOTPLEIAR – kjem ca ein gong for månaden. Privat betaling.
- FRISØR – kjem kvar måndag. Det er mogeleg å bestille time. Privat betaling.
- TANNPLEIAR/TANNLEGE - kjem to gongar i året. Ved behov kan dei koma oftare eller at bebuar må møte på kontoret til tannpleiar/tannlege. Dette tilbodet er gratis for dei som bur i sjukeheim.
- ANDAKT – anna kvar tysdag.
- SENIORBUTIKK – reisande butikk med klede, kjem vår og haust. Det vert sett oppslag god tid i forkant.
- POST – vert levert kvar dag, måndag – laurdag. Ta kontakt dersom det er ønskjeleg å ha kontakt med postbudet.
- AVISER – dersom du er interessert i å følgje med i aviser, kan du få omadressert di eiga avis til Velferdssentert.
- TELEFON – det er mogeleg å ha privat telefon på rommet. Du må sjølv koste flyttinga av din telefon.
- AKTIVITETAR – sjå eige ark.

VÅRE VERDIAR

Me ønskjer å skape gode dagar!

Våre grunnverdiar er :

- Verdighet, tryggleik og respekt.
- Tillit mellom bebuar/brukar, pårørande og personale.
- Positiv haldning og samarbeid.
- Profesjonalitet, ansvar og teieplikt.

OVERORDNA MÅLSETTING

Ved Velferdssenteret ønskjer me å leggje forholda best mogeleg til rette for å oppretthalda og fremja livskvalitet hos den einskilde.

Me vil bidra til å:

- Ta vare på og utvikle den einskilde sine ressursar.
- Møte deira fysiske, psykiske, sosiale og åndelege behov.
- Oppretthalde den einskilde sin identitet.

KVA KAN PÅRØRANDE BIDRA MED?

- **MERKING AV BEBUAR SINE KLEDE** – helst før flytting til Velferdssenteret. Me kan vere behjelpelig med bestilling av merkelappar.
- **INNKJØP AV TING SOM** – klede, sko, personlege artiklar, og elles ting som bebuar har bruk for eller ønskjer, ser me helst at pårørende kjøper. Dersom dette ikkje lar seg gjere, ta kontakt med primærkontakt.
- **PRIMÆRKONTAKT** – vert oppnemnt til alle bebuarar. Pårørende kan ta kontakt med "sin" primærkontakt om det er noko ein lurar på.
- **VED INNFLYTTING** – det du som bebuar kan ha med deg: Møblar etter avtale med personale, fordi det er knapt med plass.
Merk: TV, og andre elektriske apparat må vera kontrollerte og godkjende av elektrikar før ein tek dette med til Velferdssenteret.

- **DERSOM BEBUAR ER DEMENT** – er det viktig at me får gode opplysningar om den demente frå tidlegare tider. Dette kan være opplysningar om familie, yrkje, sosial status, kva ho/han likte, interesser. Gjerne bilete som bebuar er glad i, ungdomsbilete, bilete av foreldre, born osv.

- **FEIRING AV DAGAR** – pårørende har ansvar for å bestilla stad/plass/lokale for feiring og mat.
- **Større selskap kan ikkje haldast på Velferdssenteret.** Dugar, lys og serviettar må du/de halde sjølv.
- **Ved fødselsdagar vert det laga kaker til bebuarane på den avdelinga der vedkommande bur.**

ØKONOMI

- **BETALING FOR OPPHALD PÅ VELFERDSSENTERET** – sjå eiga brosjyre
- **DISPONERING AV BEBUAREN SIN ØKONOMI** – dette vert gjort etter vurdering av sjukeheimslege i samråd med pårørande. Ved eventuell disponering av bebuar sin økonomi, vert det ført rekneskap som vert revidert av revisjonen, og det er einingsleiar og ass einingsleiar som disponerer midlane.
- **HJELPEVERGE** – jf Lov om vergemål for umyndige § 90 a *”En myndig person som på grunn av sinnslidelse, andre psykiske forstyrrelser, senil demens, psykisk utviklingshemming eller legemlig funksjonshemming ikke kan vareta sine anliggender, kan ved behov få oppnevnt hjelpeverge”.*

Slik oppnemning vert gjort av sjukeheimslegen.

- **SAMTYKKEERKLÆRING** – sjå eige skjema.
- **VERDISAKER** – og store pengesummar må ikkje oppbevarast på romma. Dette er i alle høve på eige ansvar.

INFORMASJON OM KJØKKENET

Kjøkkenet er under kommunal leiding med eiga sjølvstyrt eining med egne tilsette.

Opningstida er frå kl 07.00 – til 15.00 – alle dagar.

Det er mogleg å få kjøpe mat og drikke: Sjå eiga liste eller spør på kjøkkenet.

- Kaffi: kr 5,-
- Brus: kr 15,-
- Juice: kr 10,-
- Yoghurt: kr 6,-
- Go morgen: kr 10,-
- Baguette med reker: kr 25,-
- Baguette med skinke og ost: kr 20,-
- Ostehorn, ikkje kvar dag: kr 20,-
- Rundstykke: kr 10,-
- Pizza, kun fredag: kr 25,-
- Pizza og salat, kun fredag: kr 30,-
- Dagens middag/dessert: kr 85,-
- Frukost / kvelds: kr 25,-

Prisane kan verte endra frå 01.01.10.

OMSORG VED LIVETS SLUTT

- Me ønskjer at bebuar skal få best mogeleg omsorg ved livets slutt. Det er difor viktig med god kommunikasjon mellom du/de som pårørande, personale og sjukeheimslegen.
- Dersom pårørande eller andre som står bebuaren nær ønskjer det, er du/de velkommen til å sitje/vere enten det er dag eller natt.
- Dette er til det beste både for bebuar og pårørande. I dei høva det ikkje let seg gjere, vil sjølv sagt personale sitje med den døyande.
- Det er lov å vere sjukemeldt eit visst antall dagar i samband med dødsfall/døydande i nær familie. Ta kontakt med fastlege og arbeidsgjevar samt NAV i kommune du/de høyrer til.

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR VED LIVETS SLUTT

- Ved dødsfall, kan pårørande vere med å stelle den døde om det er ønskjeleg.
- Pårørande kan ta den tid ein treng å ta farvel med den døde.
- Pårørande kontaktar gravferdsbyrå etter eige ønskje.
- Det "stille" rom kan nyttast til minnestund.
- Pårørande får tilbod om ettersamtale ved dødsfall om det er ønskjeleg.
- Rommet til avdøde må ryddast for personlege eigendelar ein av dei nærmaste dagane etter dødsfall.
- Dersom det er ønskjeleg at personalet skal rydde rommet for personlege eigendelar, kan dette gjerast etter avtale.